

Frist: 24. april

Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Årlig rapport BOLYST

Til: KRD

Fra: Anne Saltrø Polden

Sjekk Nordmøre – med fokus på vertskap og rekruttering
1.rapportering

Dato: 24.04.2014

Kommune:	Surnadal og Sunndal
Prosjektnavn:	Sjekk Nordmøre – med fokus på vertskap og rekruttering
Prosjektleder:	Anne Saltrø Polden Ansvarlig Sunndal: Sigrun Rødset Ansvarlig Surnadal: Anne Saltrø Polden
Leder i styringsgruppen:	Ståle Refstie – ordfører i Sunndal
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Ingerd H Høknes Epost: ingerd.husoy.hoknes@mr fylke.no Tlf: 928 59 769
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe X b) Forankring i befolkningen X c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt X
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	Hovedmål: Surnadal og Sunndal vil sette fokus på heilskapleg integrering og inkluderingsarbeid på Nordmøre. I prosjektet skal ein legge vekt på bulyst og å vere eit godt vertskap, slik at tilflyttarar blir buande. Gjennom samarbeid og betre koordinering skal ein mellom anna forenkle tilflyttarprosessen, vektlegge språk-opplæring og auke kunnskapen i kommunane på vertskap med sikte på å redusere talet på personar som flyttar vidare. Gjennom å auke kontaktflata mellom tilflyttarar og fastbuande, gjennom mellom anna å engasjere frivillige lag og foreiningar, skal ein bidra til betre omdømme, auka trivsel og meir bulyst for heile regionen. Gjennom arbeidet med Utviklingsprogrammet vart Bulyst brote ned i fire delmål:

	<ol style="list-style-type: none"> 1. Være gode på integrering og vertskap ("frå gjest til innbyggjar og bidragsytar"). 2. Tilby ein tilpassa språk og kulturopplæring. 3. Ta godt vare på innbyggjarane våre – dei som er her skal bli verande her. 4. Fleire tilflyttarar enn utflyttarar. <p>Prosjektet er godt i gang med å nå delmåla i prosjektet. Vi er i gang med tiltak innanfor fleire av områda.</p> <p>Etter som vi arbeider oss betre saman innan temaet ser vi at kommunane på fleire områder har ulik ståstad, og ulike styrker og svakheiter. Dette er vi sikre på vil kome det vidare arbeidet til gode.</p> <p>Sjølvsagt er vi i startfasen av prosjektet, og det er vanskeleg å seie noko om resultatane allereie no.</p>
<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tilflyttarar <ul style="list-style-type: none"> - Inklusive heimattflyttarar, arbeidsinnvandrarar, innanlands og utanlands, familiegjenforeinte og flyktningar. 2. Næringsliv, inklusive kommunane som arbeidsgjevarar. 3. Lokalsamfunna <ul style="list-style-type: none"> - Inklusive lag og foreiningar <p>Målgruppene er og viktige støttespelarar og rådgjevarar for prosjektet. Skal ein lukkast med arbeidet på lengre sikt må ein ha eit sterkt fokus på FORANKRING</p> <p>Det er behov for ein god informasjonsstrategi framover. Informasjon er beskrive som tiltak, men det er viktig no framover å utarbeide ein strategi på korleis vi skal nå ut til alle målgruppene med budskapet skissert i prosjektet. Vi er aktivt i gang med å delta på møteplassar rundt om, interne i kommunane, innan næringsliv og lokale lag og foreiningar.</p>
<p>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</p>	<p>Kva er skjedd:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektet er godt forankra gjennom arbeidet som var lagt ned under studiet "Prosessledning og utviklingsarbeid" vinteren 2013/2014. • Prosjektleiar arbeid mykje med ekstern forankring i lag og organisasjonar i Surnadal, og har delteke på møte i

	<p>ungdomsrådet, Folkeakademiet, Idrettsrådet, eldrerådet FAU, og på stormøte for frivilligheita i Surnadal. Stor interesse for temaet i målgruppa.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lokal arbeidsgruppe i Surnadal er nært å kome på plass med representantar frå lag/organisasjonar og tilflyttarrepr. • I gang med Språkkurs saman med Folkeakademiet i Surnadal (gratis for innv. utanfor introduksjonsordning) • ”Ny i Surnadal” på plass, (som Sunndal) men treng vidareføring og forbedring • Møte med Sunndal kommune fredag 17.01 • Arbeidsgruppe og prosjektleiar for Bulyst i Sunndal kome på plass, med representantar frå rådmann og flytkningetenesta. • Arrangert konferanse med tema ”rekruttering og integrering” for begge kommunar, lag og foreiningar i samband med Sunndal kommunes kommuneplanarbeid 19.02.14 • Arrangert Fagseminar for næringslivet under Sjøkk Nordmøre – Trondheimstreff 12.03.14 • 1.utgåve av Utpågang er gjeve ut- fulldistribuert i begge kommunar og bruka aktivt i rekrutteringsøyemed. <p>Under planlegging kan nemnast:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kulturfestival på Sunndal 27.mai: mangfald og integrering er tema. • Velkommen hit!-kveldar for tilflyttarar i begge kommunar i løpet av juni. • Kick-off for lag og organisasjonar: aug./sept 2014, møte og arbeidsverkstad med bl.a HC Medlien i begge kommunar <p>Gjennom å utarbeide ei god og konkret prosjektplan vil vi og utarbeide eit godt rapportoppsett. Som nemnt tidlegare har kommunane ulik ståstad i arbeidet, og vi vil difor etterkvart og ha behov for å køyre ulike aktivitetar i dei to ulike kommunane til noko ulik tid. Dette vil kome betre fram ved neste rapportering.</p>
<p>Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Følger opprinnelig plan b) Forsinket pga. X c) Det er foretatt følgende justering <p>Prosjektet er noko forsinka pga prosjektleiar var sjukemeldt i perioden oktober tom des. 2013. Dette gjorde at viktige grep i samband med organisatoriske avklaringar og forankring vart utsett til nyåret 2014.</p>

	<p>Likevel meiner vi at prosjektet byrjar å bli godt forankra i begge kommunar, samtidig som vi har gjennomført gode tiltak, som inneber at vi no ikkje vel å foreta nokre tidsmessige justeringar iht prosjektbeskrivelsen.</p> <p>Prosjektleiarane arbeider godt saman, og vi tydeleggjer at kommunane har ulik ståstad og ulike styrker og svakheiter. Dette er vi overtydde vil kome det vidare arbeidet til gode.</p>
<p>Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)</p>	<p>a) Helt lokal effekt</p> <p>b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. X</p> <p>c) Effekten kommer i hele fylket</p> <p>d) Effekten kommer i eget og andre fylker</p> <p>e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge</p> <p>f) Vet ikke/ikke relevant</p>
<p>Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)</p>	<p>Her må vi innrømme at vi er usikre på kva de er ute etter. Kom gjerne med ei tilbakemelding på dette punktet. Her er stikkord på kva vi tenkjer kring metodikk:</p> <p><i>Forankring og bevisstgjerung gjennom utstrakt deltaking på møteplassar med lag og organisasjonar</i></p> <p><i>Kompetanseheevande tiltak, internt og eksternt</i></p> <p><i>Gjennomføring av seminar og møter</i></p> <p><i>Deltaking på andre sine samlingar</i></p> <p><i>Erfaringsutveksling med andre Bulystprosjekt</i></p> <p><i>Informasjonsarbeid</i></p> <p><i>Folkemøter</i></p>
<p>Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn</p>	<p>Stor overføringsverdi til andre lokalsamfunn.</p> <p>Mål gjennom god rapportering å utarbeide Idebank over aktivitet som treffer ulike målgrupper, og dele desse erfaringane</p>
<p>Ekstern kommunikasjon og deltaking på samlingar med utgangspunkt i prosjektet</p>	<p>Hvilke samlingar har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet?</p> <ul style="list-style-type: none"> • Programadministrasjonen gjennomførte vinteren studiet "Prosessledelse og utviklingsarbeid". 3 personar arbeidde med Bulystprosjektet som case for eksamensinnleveringa, og gjekk ut med ein A i resultat. • Vestlandsk Vidsyn sept. 2013 (ungdomsrådet i Surnadal) • Bolystsamling på Averøy Møre og Romsdal, nov. 2013 • Plannettverk i Kristiansund, tema integrering og rekruttering, jan 2014. • Velkommen hit! Feb 2014

<p>Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)</p>	<p>SUNS (Sunndal Næringssselskap, beskrive som part i samarbeidet i søknaden) overtok regnskapet for Bulyst i midten av april 2014. På grunn av dette vil regnskapsrapport bli ettersendt så snart som mogleg. I etterkant av oversendt regnskapsrapport vil vi sende over første utbetalingsanmodning. Mykje av aktiviteten så langt har dreidd seg om forankringsarbeid, og etablering av vertskapsfunksjon, og dette har ikkje kosta oss så mykje enno, ut over kommunane sin eigeninnsats. Konkret aktivitet vil ta seg opp no utover, og da vil reelle kostnader og kome.</p>
<p>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen X b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser X c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer X d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen X f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) g) Styrke regionale sentra h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? X i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?
<p>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</p>	<p>Dette er det tidleg å seie noko om, men vi har gjort oss nokre tankar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bevisstgjere lag og organisasjonar om å fortsette jobben og gjere det til ein naturleg del av sitt arbeid i okalsamfunnet. • Mange av oppgåvene skal vidareførast av kommunane, som ein stor del av informasjonsarbeidet. Her vil servicekontora vere ein viktig aktør. • Samarbeidsmodell for vertskap; må etablere møteplassar der aktørane som arbeider i grenselandet mot vertskap, som servicekontor, Nav og andre. Dette skal takast inn i deira drift, og målet er at samarbeidsforma vidare framover skal vere godt forankra.